



**Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre**

Postadresse
Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Sandane Næringshage
Sandane Senter, 3. etasje
6823 Sandane

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3138
sfvlpost@statsforvalteren.no
fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-
Gjengedal

Til alle interessentar

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2022/10021-0

Dykkar ref. «REF»

Dato 14.07.2022

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Oppstartsmelding - revidering av forvaltningsplan

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre har vedteke at forvaltningsplanen for verneområdet skal reviderast. Den gamle planen er frå 2015, og ny plan skal vere på plass før 2025. Vi har erfaring med at desse prosessane kan ta noko tid, og vi vil derfor starte prosessen allereie no i 2022.

Revidering av forvaltningsplanen vil seie at kunnskapsgrunnlaget og retningslinjene skal oppdaterast. I dei åra som har gått etter at vi laga den gjeldande forvaltningsplanen har vi fått ny kunnskap og nye erfaringar. Vi har og sett fenomen og problemstillingar som har dukka opp som ei følge av samfunnsutvikling og teknologisk utvikling, som ein forvaltningsplan bør ha retningslinjer om.

Revideringa vil ikkje vere ein omkamp om verken vernet eller vernereglane. Verneforskrifta og grensene ligg fast og vil ikkje verte endra.

Når forvaltningsplanen no vert revidert vil den verte lagt inn i ein ny, nettbasert mal for forvaltningsplanar. Då vil planen få same struktur som andre forvaltningsplanar, den vil vere lett tilgjengeleg og lett å finne fram i.

Proessen med revidering av planen vil gå som ein vanleg og open planprosess. Det vil verte fleire høve for grunneigarar, brukarar, kommunar og andre interesser å kome med innspel og høyringsfråsegner.

Utkast til revidert plan vil verte lagt ut på offentleg høyring. Plandokumentet vil vere nettbasert og høyringa vil verte annonsert på nettsider, Facebook og i aviser. Grunneigarar vil og verte varsla via brev, enten per post eller elektronisk.

Det er oppretta ei eiga informasjons- og samleside for revidering av forvaltningsplanen. Den finn de her: <https://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal/publikasjoner/revidering-av-forvaltningsplan-2>



Dersom de har innspel, merknader eller spørsmål til oppstartsmeldinga eller til sjølve planen, kan dei og sendast på e-post til fmsfalr@statsforvalteren.no

Med helsing

Alf Erik Røyrvik
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent